





Årsplan 2024 - 2025

"Vi vil så spiren til
det gode liv"





Kven er vi

Vikalida barnehage opna 11 april 2007. Barnehagen er ein natur og friluftsbarnhage med tilbod om 2, 3, 4 og 5 dagar for aldersgruppa 1-6 år. Barnehagen har kapasitet til å ta imot 500 einingar, fordelt på 5 basar. Dei seinare åra har vi merka ein markant nedgang av barn i Stryn kommune. Dette har medført at vi i år er redusert til 3 basar. Vi vil fortsette med figurane våre som representerer aldersgruppene, men vil i større grad ha aldersblanda grupper. Figurane er basert på profilen "Natur og friluftsbarnhage".


Det er ingen definisjon på kva som er ein natur eller friluftsbarnhage. Det er opp til den enkelte å definere kva dei legger i omgrepet. Men det er ein del fellestrekk ved disse barnehagane, og det spesielle ved friluftsbarnhagane er at barnehagen har naturen som arena for lek, oppleving og læring. Eit sentralt mål er at barna blir kjent med og glade i naturen, og dermed også at dei ynskjer å ta vare på den. Dette får vi til ved å : - være i naturen

- gi naturlege utfordringar i trygge omgjevnadar
- gi nære naturopplevingar
- lære barna å kle seg og te seg i all slags vær
- lære dei å bruke ski og kjelkar
- lære dei å bruke reiskap som kniv
- lære dei å hauste frå naturen
- lage bål til hygge og til nytte
- vise omsorg for kvarandre
- lære om naturen og dyra som lever i naturen
- vise omsyn og være varsame når vi ferdes i naturen
- undre oss over det vi ser , og det vi ikkje ser.

Når vi er ute i naturen ser vi at det er mindre konflikt mellom barna. At barna hjelper kvarandre med å løyse oppgåver, barna finn nye venner og grupperinga. Tanken er at alle deltar i naturen på eigne føresetnadar, og at alle har behov for utfordringa. Vaksenrolla i eit aktivt samspel må til for å gje barna tillit, tryggleik og undring i naturen. Berre ved å gi av oss sjølve, vil vi vinne nye venner. I barnehagen held vi på med friluftaktivitetar året rundt og i all slags vær. Vi har ein ide om at alle påfunn til sjuande og sist skal kunne gjærast med tanke på friluftsliv. Vi har eit uteområde som innfrir vårt motto: ” Ute kan vi gjere alt” Friluftsliv gir mange positive ringverknader. Barnehagen jobbar ogs å mykje med den aktive og engasjerte vaksenrolla.

Logestikk, organisering og stadar å søke ly

- Barnehagen si organisering er bygd opp etter prinsippet å være avdelingsfri. Organiseringa gjer at alle basane kan gjere seg nytte av heile barnehagen gjennom ein planlagt logistikk. Barna har tilhøyrse i ein base med fast personale.
- Barnehagen har ein trelavo og to hytter som aldersgruppene 3-5 år rullera på å bruke. I den eine hytta har vi bakaromn og kan tilpassast til eit meir grovareal, medan den andre hytta er meir til finareal å rekne.
- Ved sjøen har vi eit naust i lag med Tonning skule, Tonning barnehage og Stryn bedriftsbarnehage. Her har vi ein båt vi kan bruke og opphaldsrom vi kan søke ly i. Naustet ligg ved Speidarhuset og stadion. Ved Speidarhuset er det ein bål plass ein kan lage mat på, som blir flittig brukt.
- I skogen ovanfor oss har vi ein naturleikeplass. Der har vi sett opp ein lavvo med omn. Denne brukar vi heile året og kan søke ly og få varmen i oss på kalde og våte dagar.



Visjon og verdier

Vi vil så spiren til det gode liv

Kva legg vi i dette:

VI: er personalet i Vikalida barnehage som vil gjere vårt for å bygge "vi" kjensla i Vikalida barnehage

VIL: handle aktivt i forhold til samarbeid personalet imellom, i nært samarbeid med barn, foreldre og andre samarbeidspartar.

SÅ: Vi vil gje barnet det vi meiner er viktig for at det barnet skal få eit godt liv. Kvar barn er ulikt og har ulike behov.

SPIREN TIL DET GODE LIV: Personalet i Vikalida tenkjer at skal vi så spiren til det gode liv, så må vi gje barna grunnlaget for ein god barndom.

DEN GODE BARNDOM.

Den gode barndom er gode venner og tid til lek
Ein god barndom er fylt av kjærleik og tryggleik
Ein god barndom er fylt av variasjon og utfordringar.
Ein god barndom er rik på opplevingar, glede og humor.

Ein god barndom gir barnet oppleving av å vere av stor verdi og akseptert.

Ein god barndom er fridom til å utforske og tid til å arbeide med opplevingar og kjensler.

Ein god barndom er møte med vaksne som har glede av å gå inn i samspel med barnet.

Ein god barndom gir barnet tru på seg sjølv, framtida og sine medmenneske.

Ein god barndom er ein barndom der barnet sine gleder og sorger blir tekne på alvor.

Ein god barndom er ein barndom der barnet opplever positiv stadfesting på eigen undring og spørsmål.

Barndomen er ein fase i livet som ein ikkje kan forsømme eller ta igjen.

Barndomen har sin egen verdi.

Fokusområder


- Inkluderende barnehagemiljø
- Natur og friluftsliv
- Berekraft
- Naturmangfald
- Mat og helse



Trygghetssir

Foreldre med fokus på barnet

© Coop



Arbeidsmetodar

- I botnen ligg den gode og trygge tilvenjinga, der ein har fokus på relasjonsbygging mellom barn og personale, personale og foreldre. For å sikre dette får barnet ei primærkontakt, som har særleg fokus på ditt barn.
- I tilvenjinga tek vi utgangspunkt i circle of security. Og i starten er det viktig at ein set av god tid til tilvenjing. I oppstart samtalen får alle utdelt ein tilvenjingsplan. Her står det stegvis korleis vi kan få til ein trygg og god tilvenjing.
- "Kvart barn er unikt, men alle barn må lære å meistre livet". Gjennom kvardagen i barnehagen er målet at alle barna har blitt sett og høyrte. Anerkjent og respektert for den ein er. For at barnet skal trivast og utvikle seg, må samarbeidet mellom heim og barnehagen vere god. Er du bekymra for barnet ditt gje beskjed. Saman hjelper vi barnet best.
- Barn lærer ulikt, men leiken står sentralt i barna si læring. Leiken har sin eigenverdi og gjennom leiken lærer barn. Vi vaksne må observere barna sin leik for å kunne støtte, inspirere og utvikle leiken. I samspel med andre lærer barna å tolke andre sine kjensler, samt regulere sine kjensler. Den vaksne skal støtte og anerkjenne barnet sine kjensler.



Dei 7 fagområda

Kommunikasjon,
språk og tekst

Kropp,
bevegelse, mat
og helse

Kunst, kultur og
kreativitet

Natur, miljø og
teknologi

Antall, rom og
form

Etikk, religion og
filosofi

Nærmiljø og
samfunn

Tema gjennom året

Tilvenjing – skape gode relasjonar

Vennskap – ha fokus på leik og samspel

Haust – naturen sine under, og haustar av naturen sine godsaker

Jul og Tradisjonar – markering av høgtid og tradisjonar

Vinter- aktivitet og leik, utforsking og sansing

Urfolk og mangfald – markering og kunnskap om samane og andre folkeslag

Vår og ulike markeringar – vi markera grunnlovsdagen og høgtider og undrar og forskar på nytt liv

Sommer- vi får stimulert sansane våre, gjennom lukt, kjenne på, lytte på, smake på.

Leiken si betyding for barna si læring

Barn lærer når dei leikar og leikar når dei lærer. Leiken er den viktigaste aktiviteten for barn. Enten det er tumle leik, rolleleik, konstruksjonsleik. Leiken byggjer på noko barn er interessert i, men den krevje og at ein kan samarbeide med andre.

Når barn leikar utforskar og eksperimentera dei. Heilt frå barnet ditt er født søker den kontakt med dei som er rundt seg. Allereie her eksperimentera og utforskar barnet, gjennom lyd, mimikk og kroppsspråk. Å utforske er ein del av leiken, og ved å utforske lærer ein.

Vi vaksne har eit ekstra ansvar overfor barnet ved å inntone oss, tolke og utforske saman med barnet. Det er vårt ansvar å skape dei gode relasjonane slik at barnet opplever å vere på ein trygg arena for utforsking, leik og læring.



Progresjon

- Personalet skal:
- Oppdage, følge opp og utvide det barnet allerede er opptatt av
- Planlegge og tilrettelegge for progresjon i barnehagen sitt innhald for alle barna
- Bidra til at barna får meistringsopplevingar og samtidig har noko å strekke seg etter
- Legge til rette for fordjuping, gjenkjenning i barnehagen sitt innhald og arbeidsmåtar
- Introdusere nye perspektiv og tilrettelegge for nye opplevingar og erfaringar
- Sørge for progresjon gjennom bevisst bruk av materiale, bøker, leiker, verktøy og utstyr og gjere desse tilgjengeleg for barna(Jf.: Rammeplan for barnehagen)



Vikalida blandakor

- Musikk gjev ei felles uttrykksform som er grensesprengande. Sansane blir stimulert og bidreg til barna si språkutvikling. Når ein syng saman på tvers av språk, bidreg dette til at ein lettare tileignar seg språket ein syng på. Å synge saman handlar om deltaking og fellesskap. Song knyt menneska saman og kommunisera på tvers av språk, kultur, funksjonsevne og andre ulikheiter. Slik vi ser det bidreg musikken til å bygge bru mellom ulikskap og likskap.
- Når vi samlast i stova for å synge i kor, er det nettopp for å ha eit felles samlingspunkt. Vi ser at barn med andre språk enn norsk, raskt tileignar seg teksten i songane, der musikken hjelper hjernen til å hugse betre.
- 1-åringen har og stort utbytte av å delta på korsongen. Dei tar inn musikken med heile seg.

Dagsrytme

- Ved utvida opningstid morgon 07.00 - 07.30, leverar ein på kjøkkenet
- Ordinær opningstid kl. 07.30 - 16.30
- Fokost 07.30-08.30
- Kjærnetid 09.00-15.00
- Lunsj 11.00-12.00
- Fruktmåltid 14.00-14.45
- Rydding før ein går heim 15.30-16.30(Barna rydde etter kor gammal ein er)
- Vi stenger 16.30

Viktige datoar gjennom året

1. august nytt barnehageår

Torsdag 29. august, Foreldremøte kl. 19.00- 21.00

Planleggingsdagar haust, mandag 07.10 og 08.10. 2024 Stengt

Jul og tradisjonar: Nissefest tysdag 3. desember, Lucia fredag 13. desember, kyrkjebesøk 17. desember.

Planleggingsdag 2. januar 2025. Stengt

Planleggingsdag Onsdag 12. mars 2025. Stengt

Onsdag 16. april 2025, barnehagen stenge kl. 12.00(Påske)

Fest I kulturhuset 09.april 2025


Foreldremøte/Årsmøte 24.04.2025

Dugnad 06.05. 2025

Planleggingsdag fredag 28.juni 2025. Stengt

Feriestengt v. 29, 30,31(Jf. Stryn kommune, barnehageruta)

Samarbeid med heimen



Dagleg kontakt

- Gi beskjed om barnet ditt tar fri
- Gi beskjed om stort og smått
- Gi beskjed om det har skjedd endringar i barnet sitt liv td, alvorleg sjukdom, dødsfall, samlivsbrot
- Spør barnet om korleis ein har hatt det i barnehagen

Foreldre samtaler

- Vi snakkar om barnet si utvikling
- Vi samarbeider om barnet si utvikling
- Ingenting er for lite, det er viktig at vi samarbeider om alt som kan påverke barnet sin kvardag.

Foreldremøte

- Godkjenning av årsplan.
- Informasjon
- Tilbakemeldingar til barnehagen
- Ulike tema

Samarbeidsutval – 2 representantar frå foreldra, 2 representantar frå personalet, 1 prepresentant frå eigar

Tipps for ein trygg relasjon til barnet ditt

- Vis at du bryr deg
- Gje rom til barnet sine vanskelege kjensler
- Vis interesse for kva barnet er opptatt av
- Hjelp barnet å lære å regulere kjensler
- Anerkjenn styrker og god åtferd
- Gjær ting saman
- Sett grenser med omsorg og kjærleik

Samarbeid med andre instansar

- Helsestasjon
- PPT
- Barnevern
- Flyktningtenesta
- Nav
- Barneskule
- Ungdomskule
- Vidaregåande skule
- Høgskule



Personalet

- **Styrar og Assisterande styrar:** Heidi Liadal(Styrar), Anita Bjørke (Assisterande Styrar)
- **Gneisten - Dråpen:** Anette Strand(Pedagogisk leiar), Alf Martin Almskår(Barnehagelærer), Kamila Michalska(Barne og ungdomsarbeidar)
- **Gloa:** Liv Olsbø(Pedagogisk leiar), Ann Therese Gausemel(Barnehagelærer), Randi Beinnes(Barne og ungdomsarbeidar)
- **Virvelvind:** Anja Halsør (Pedagogisk leiar), Gunlaug Tenden(Barnehagelærer),Danijela Stojkovic(Barne og ungdomsarbeidar),Anita Vangberg(Barne og ungdomsarbeidar)
- **Spiren:** Katrin Åland(Pedagogisk leiar), Anita Vangberg(Barne og ungdomsarbeidar),Ketkaoe Frosterød(Barne og ungdomsarbeidar)

Styringsdokument

- [Rammeplan for barnehagen](#)
- [Lov om barnehage](#)
- [Barnehagekonvensjonen](#)
- [Grunnlova](#)



Kontakt info:

heidi.liadal@stryn.kommune.no

Tlf.: 57872288 el. 90527089

Adr: Vikalida barnehage, Vikalida 9,
6783 Stryn

Anna informasjon finn du:

<https://stryn.kommune.no/>

